

Friluftsplassen vert rydda for kratt og mindre vegetasjon.

08.11.2018



Stemneplassen vert rydda for kratt og buskar. Arbeidet vert truleg gjort ferdig i denne veka.

**Arbeidet med å rydda Friluftsplassen vert gjort ferdig i denne veka. Arbeidet vert gjort med bakgrunn i søknad og løyving frå ordninga utsiktsrydding. Plassen vert ikkje snauhoggen, slik nokre fryktar. Store tre av ulike slag står att. Den over 10 mål store friluftsplasen kjem fram i landskapet og det vert synleg kor stort dette arealet verkeleg er.**

Plassen er ei gåve frå familien Wilheilm Bjelland til Uskedalen, som ei bygdeeige og ein park i Skårhaug. Seinare er det lagt til ei tomt med eige bruksnummer i nord ned mot kommunevegen. Tomten er rydda.

Arealet på toppen og ned mot naboane i Skårhaug vert også rydda. for kratt og buskar. Det har til tider vore eit villniss, noko styret i Friluftslaget ynskjer å retta på. Ein må rekna med å gjera nye tiltak neste vår og sommar for å hindra at ny vegetasjon kjem opp.

Gapahuken på toppen av Skårhaug vart i si tid til i samarbeid med Uskedal utvikling, barnehagen og Friluftslaget. Plassen har vore mindre brukt dei siste åra og noko av utstyret som bord og benker er i forfall. Med rydding og opparbeidde stiar er det å vona at plassen kan bli meir brukt som ein park og friområde.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Born frå avdelingen Bamsebu i Uskedal barnehage brukar plassen og gapahuken på toppen av Skårhaug.